

I fjor bestemte NRK Super seg for å lage temadagar for barn om eit svært vanskeleg tema: psykisk helse. I korte klipp viste vi norske barn i situasjonar der dei var meir enn vanleg redde, sinte eller triste. Eitt av barna som følgde sendingane skreiv til oss:

No veit eg at eg ikkje er åleine.

Denne korte meldinga har eg aldri gløymd. Barnet sette eigentleg ord på heile NRK-oppdraget:

Vi skal samle alle som bur i Noreg rundt felles opplevingar, felles forståing og felles glede.

Vi skal vise folk at dei ikkje er åleine.

Mange erfaringar er universelle. Men nokre har også med språk og geografi å gjere. Du kjenner deg mindre åleine viss den som snakkar til deg, snakkar ditt språk, og miljøet liknar på ditt. Både barn, ungdom, vaksne og gamle blir i dag bombardert av sterke inntrykk på alle plattformer. Den globale konkurransen er enorm. Innhald på norsk, som speilar heile breidda av norsk verkelegheit, er kraftig utfordra av internasjonale gigantar, som Netflix, YouTube og Facebook. Trass i høg tillit og sterk oppslutning i befolkninga er NRK paradoksalt nok ein stadig mindre aktør i det norske medielandskapet.

Fridom til å velje er utmerka, og det skjerpar oss alle saman. Det held ikkje lenger å seie om ein dramaserie at han er «god til å vere norsk» eller at vi kjem tilbake til viktige nyheiter om ein time eller to. Vi må vere tilstades og speile nordmenn sitt liv og engasjement. For vi treng også noko som held oss saman. Ein uavhengig allmennkringkastar, som når ut til publikum på alle tilgjengelige plattformer, er ein føresetnad for at norsk innhald skal stå sentralt og nå lyttarar, sjåarar og lesarar over heile landet.

Kor viktig ein samlande allmennkringkastar er for demokratiet, ser vi først i dei landa som ikkje har nokon slik fellesarena, eller der han er betydeleg svekka. Undersøkingar viser at styrken til allmennkringkastaren er proporsjonal med kvaliteten på samfunnsdebatten – eit felles utgangspunkt styrker toleransen og dempar polarisering. Vi kan dermed anta at samfunnsoppdraget til NRK har verdi for alle, også dei som ikkje bruker programtilbodet, gjennom å danne grunnlaget for demokratisk dialog og debattar.

Forteljingar er tema for Dei Nynorske Festspela i år, og eg ser fram til å høyre sterke forteljarar som Carl Frode Tiller snakke om dette temaet i løpet av Festspela. Krafta i forteljingane vart spesielt synleg for oss i NRK da TV-serien «Skam» nådde eit heilt nytt publikum. Å bruke drama for å skildre stadig nye sider av verkelegheita, er effektivt. Derfor har vi satsa vi meir på norsk drama dei siste par åra.

«Heimebane» vart ein av de store norske dramasuksessane i 2018. Serien sette også preg på samfunnsdebatten. Fotballtrenaren Helena Mikkelsen spelte seg oppover i ein mannsdominert bransje og møtte mange fordommar. Vi skal ikkje ta æra for at norsk fotball tilsette sin første kvinnelege sjef like etterpå, men kanskje spelte debatten ei lita rolle: Dagbladet skreiv at ti episodar var alt vi trengte for å bli kvitt fordommane. At tittelen vart Heimebane, skuldast elles direkte kontakt med publikum: da det ble klart at fotballaget kom frå Ulsteinvik, oppsto det eit folkekrav om at den planlagte serien Hjemmebane måtte skifte målform.

Sjølv har eg alltid vore opptatt av at alle må få bruke sitt eige språk, og at vi skal ha språkmangfald i Norge. Som 17-åring – oppvaksen i Groruddalen -engasjerte eg meg for sidemålet. Eg trur eg forsto at språk var identitet, og at viss eg ville uttrykke meg på mi eiga dialekt, måtte andre også få gjere det. Eg var like irritert på dei som kritiserte dialekter som på dei som radbrekte mi eiga: Språket i Groruddalen vart misbrukt med politisk formål.

I haust sendte NRK serien «17», som nettopp handlar om sjettenårige gutar i Groruddalen. Dei snakkar heilt annleis enn eg gjorde og bruker ord eg knapt veit kva betyr. Det må dei få lov til, det må vi respektere.

Mange språkforkjemparar snakkar om at vi må bruke eit normert språk – både bokmål og nynorsk. Enkelte klagar over at vi lar språkbruken flyte ut. TV og radio har gått frå å vere ein arena for autoritetar, til å sleppe til det verkelege livet, vanlege folk og daglegdags språk.

Til sist eit par ord om eit språktema som eg reknar med at nettopp denne forsamlingen er opptatt av. Nynorskprosenten skal vere på 25 prosent i NRK. Eg har gjort det klart at dette talet ikkje berre er rettleiande. I fjor haust starta vi tre konkrete tiltak for å levere på dette oppdraget: vi sørga for at fleire skriv nynorsk på nrk.no, at flere nynorskbrukarar og dialektbrukarar fekk sleppe til i P2 og at større del av tekstinga på dei tre TV-kanalane våre er på nynorsk. Det har gitt resultat: I haust var vi oppe i 24 prosent og i år skal vi levere 25 – i takt med oppdraget.

NRK skal vere ein open arena, der motsetningar og usemje kan møtest og bryne seg på kvarandre.

Vi må akseptere at det finst reelle konflikter og handtere dei på måtar som gjer at vi likevel klarer å leve side om side, og slå av ein prat over hekken.

NRK si oppgave er å skape arenaer der usemje møtest med fakta og argument, ikkje med *fake news*, tilsløring eller hatretorikk.

NRK skal vere partipolitisk nøytral.

Men det betyr ikkje at oppdraget er utan ein politisk *ambisjon*.

Det finst krefter som drar oss frå kvarandre, og krefter som samlar oss.

La det aldri vere nokon tvil om at NRK skal høyre til dei kreftene som samlar.

Vi skal bygge tillit, gi kunnskap og skape aksept for at kvar enkelt av oss kan leve liva våre slik vi ønsker, på det språket som er naturleg for oss.

Lykke til med Dei nynorske festspela 2019